

SAK 05/19 VIKEN, UTVIKLINGSKONTOR/INNOVASJONSKONTOR

Saksopplysing

I [sak 54/17](#) gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

- Regionrådet for Hallingdal inviterte Buskerud fylkeskommune til å være med i et prosjekt som har som mål å klargjera Hallingdal sine mogelegeheter og utfordringar, i samband med prosess for etableringa av Viken fylkeskommune.
- Regionrådet for Hallingdal ynskjer ei politisk styringsgruppe representert med Regionrådet for Hallingdal og representantar fellesnemda til Buskerud fylkeskommune.
- Regionrådet for Hallingdal vil setja av administrative ressursar til arbeidet og håpar Buskerud fylkeskommune og kan gjera det same.
- Regionrådet for Hallingdal ynskjer at arbeidet kan setjast i gang snarast mogeleg.

I brev dat. 25.01.2018 seier Buskerud fylkeskommune:

«Vi ser meget positivt på vedtaket som er gjort i regionrådet og stiller både i en politisk styringsgruppe og setter av adm.ressurser til prosjektet.»

Regionrådet for Hallingdal har følgd prosessane i Viken og arbeid med tilnærminga eit kontor i Hallingdal.

I Fellesnemda for Viken vart det i møte 7.2.2019, [sak 04/2019](#) m.a. gjort slikt vedtak:

«Fellesnemda ber om en sak som synliggjør mulighetene for å legge en del av de fylkeskommunale arbeidsplassene til distriktene. Saken bør tydelig vise hva slags arbeidsplasser som kan være aktuelle for en desentralisering, hva som skal til for å få det til både praktisk og kompetansemessig, og hva slags områder og steder som har kompetanse og mulighet til å ta imot slike arbeidsplasser. Arbeidsgruppe A12 bes om å ivareta dette hensynet i sitt arbeid.»

Ut frå dette er tida no moden for at Hallingdal klargjer sine synspunkt og argumentera for eit Viken, avd. kontor Hallingdal. Vedlagt grunnlagsdokument er eit drøftingsutkast og eit «levande» dokument» som det skal arbeidast vidare med. Regionrådet/rådmannsutvalet hadde ei grundig drøfting og arbeid i møte 22.2.2019. I tillegg vil det vera viktig å få inn gode politiske innspel og synspunkt frå ulike fagmiljø.

Hallingtinget blir i denne omgang invitert til å drøfte/koma med innspel til vedlagt grunnlagsdokment. Det er viktig å understreke at vedlagt dokument på ingen måte er eit fullverdig dokument, men bør kunne vera grunnlag for drøftingar.


Sentrale spørsmål kan vera:

Kva rolle/oppgåver kan/vil Hallingdal ta som region i Viken fylkeskommune?
Er det områder der Hallingdal kan ha «sjølvstyre»?

Ål 21.4.2019

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Grunnlagsdokument, Viken, avd. kontor Hallingdal, ver.12



VIKEN

avd. kontor Hallingdal



VIKEN – AVD. KONTOR HALLINGDAL


Innhold

1. Problemstilling	3
.....	3
2. Bakgrunn	3
3. Innleiande drøfting	4
4. Behov for eit avdelingskontor (utviklings/innovasjonskontor)	5
5. Hallingdal er rett stad å etablere eit avdelingskontor	6
6. Avdelingskontor i Hallingdal, aktuelle oppgåver	7
6.1 Generelt	7
6.2 Kompetanse knytt til målretta arbeid for utvikling av distrikt og distriktsretta verkemidlar	8
6.3 Kompetanse knytt til målretta arbeid for utvikling av distriktsnæringer, generelt	9
6.3.1 Kompetanse knytt til målretta arbeid for utvikling av distriktsreiselivet	9
6.3.2 Kompetanse knytt til målretta arbeid for utvikling av fjellandbruket	10
6.4 Innovasjon og entreprenørskap	11
6.5 Nasjonalparkar, nasjonalparklandsbyar	12
6.6 Kultur (Kultur og identitet / kulturarv)	12
6.7 Folkehelse	13
6.7.1 Hallingdal sjukestugu	13
6.7.2 Hallinghelse	13
6.7.3 Folkehelse, livskvalitet	13
6.8 Planlegging	14
6.9 Samferdsel	14
7. Fjellnettverket	15
8. Kva kan Hallingdal tilby	15
8.1 Hallingdal som felles bu- og arbeidsmarknadsregion	15
8.2 Kommunikasjon	15
8.3 Kompetansemiljø	16
8.4 Bustadforhold, kommunale tilbod	17
8.5 Hallingdal, møteplassen mellom aust og vest	18
8.6 Teknologi og kunnskapsoverføring, tenster på nett.	19
9. Forventa resultat, effektar	19

1. Problemstilling

Problemstillingane som blir teke opp i saka er:

- Kva rolle/oppgåver kan/vil Hallingdal ta som region i Viken fylkeskommune?
- Kva rolle/oppgåver kan/vil Hallingdal ta i eit Fjell-Noreg perspektiv, med den nye regioninndelinga? (kjem seinare)



2. Bakgrunn

Stortinget vedtok 8. juni 2017 at frå 2020 skal Norge bestå av 11 fylker, inkludert Oslo.

Akershus, Østfold og Buskerud fylkeskommunar blir Viken fylkeskommune. Viken vil bestå av 1,2 millionar innbyggjarar fordelt på 49 kommunar.

Grunnlaget for saka er m.a.:

- [Meld. St. 22 \(2015–2016\) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver](#)
- [Meld. St. 18 \(2016 – 2017\) Berekraftige byar og sterke distrikt](#)
- [Meld. St. 6 \(2018 – 2019\) Oppgaver til nye regioner](#)
- [Hallingtinget, sak 16-16, innspel til arbeidet med etablering av region Viken](#)
- Regionrådet for Hallingdal 54/17 med slikt vedtak:
Regionrådet for Hallingdal invitera Buskerud fylkeskommune til å være med i et prosjekt som har som mål å klargjera Hallingdal sine mogelegeheter og utfordringar, i samband med prosess for etableringa av Viken fylkeskommune.
 - *Regionrådet for Hallingdal ynskjer ei politisk styringsgruppe representert med Regionrådet for Hallingdal og representantar fellesnemda til Buskerud fylkeskommune.*
 - *Regionrådet for Hallingdal vil setja av administrative ressursar til arbeidet og håpar Buskerud fylkeskommune og kan gjera det same.*
 - *Regionrådet for Hallingdal ynskjer at arbeidet kan setjast i gang snarast mogeleg.*

I brev dat. 25.01.2018 seier Buskerud fylkeskommune:

«Vi ser meget positivt på vedtaket som er gjort i regionrådet og stiller både i en politisk styringsgruppe og setter av adm.ressurser til prosjekten.

3. Innleiande drøfting

Viken vil ha eit areal på 24 017 km², og blir dermed det 6. største fylket i landet. Viken blir med dette ein geografisk stor region, med variasjonar i dimensjonar som geografi, befolkning, natur, kultur og næringssamansetning. Dette er eit mangfold som kan vera ei styrke for Viken, med ei bevisst og god tilnærming til kva mogelegheiter som blir gjeve til dette mangfaldet.

Viken skal serve ein region med store forskellar, ulike mogelegheiter, men med eit betydeleg vekstpotensial. Det er heilt sentralt at Viken legg til rette for vekst i alle delar av regionen. Dette vil krevja særeigen kunnskap om kva rammer som gjev dei beste føresetnadane for tenesteproduksjon tilpassa bymessige strøk og for distrikta. Ein føresetnad for regionreforma er nettopp å legge til rette for positiv samfunnsutvikling i alle delar av landet, ut frå regionale fortrinn, føresetnadnar og prioriteringar.

I etableringa av den nye fylkeskommunen blir det å ta i bruk den kunnskapen som regionen har, heilt sentralt for å kunne oppnå potensialet som finns i fylket og i samanslåinga av dei tre tidlegare fylkeskommunane Buskerud, Akershus og Østfold. Det er grunnleggjande at det finns kunnskap og forståing for at regionen er ein samansett region, på lik linje med Norge som nasjon. Lokalkunnskap og forståing for dette i den nye fylkeskommunen må vektleggast. Regionreforma sin ambisjon om å forsterke fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklingsaktør vil måtte utfordre på organisering og løysingar. Ei oppskalering utan å tenkje nytt vil vera lite framtidsretta og fornyande.

Oppgåvene som skal løysast bør leggast så nær innbyggjarane og næringslivet som mogeleg, og på eit nivå som sikrar ein god og kostnadseffektiv oppgåveløysing. Det å ta i bruk den kunnskapen som dei ulike delane av fylket har, blir heilt sentralt for at Viken skal lykkast i utviklinga av den nye regionen og i produksjonen av relevante tenester.

Den nye fylkeskommunen vil omfatte kommunar ved fjord og ved fjell. Ein del av kommunane er svært sentrale ved at dei ligg i tett tilknyting til Oslo.


Øvre Buskerud blir fjellregionen i Viken, med det særmerkte som utmark, nasjonalparkar, fjellandbruk og distriktsreiselivet, med eit sterkt fokus på å ta vare på merkevara som destinasjonane i Viken representera. I Øvre Buskerud finnes ein vesentleg del av det distriktpolitiske virkeområde i Viken. På ein del områder blir fleire av kommunane i Øvre Buskerud dei unike og spesielle, utan at dette er i konkurranse med andre, men områder der det trengs ein eigen fagkompetanse og forståing for å kunne utvikle.

I St.meld. 6 (2018 – 2019) «Oppgaver til nye regioner», blir det peikt på ein del nye oppgåver til fylkeskommunane. Men det er også ei rekke område som skal utgreiast nærmare, som t.d. det næringsretta virkemiddelapparatet.

Det bør også vera eit mål å følgje opp intensjonane som ligg i «Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon». Sjølv om dette gjeld statlege arbeidsplassar kan intensjonane også overførast til eit regionalt nivå. M.a. i forhold til ei

fordeling av arbeidsplassar som bidreg til å utvikle robuste arbeidsmarknadar i alle delar av fylke.

Figuren under syner viser at det er store forskjellar i Viken knytt til del av verdiskaping som blir skapt i regionane. Like interessant som å sjå forskjellane mellom regionene, er å sjå at deira relative betydning for verdiskaping i Viken er stabil over tid.



Figur ...: Del av verdiskaping frå privat næringsliv fordelt på regionar og år. Kjelde: Menon (2019)

4. Behov for eit avdelingskontor (utviklings/innovasjonskontor)

Med regionreforma ynskjer regjeringa å legge til rette for positiv samfunnsutvikling i alle delar av landet, basert på regionale fortrinn, føresetnadnar og prioriteringar.¹

Det vil krevjast spesialkompetanse å utvikle alle delar av Viken. Den nye fylkeskommunen skal gi likeverdige tenester og ha kompetanse som fylket kan dra nytte av. Mesteparten av kommunane i Viken vil ha bymessig karakter med tilhøyrande utviklings- og vekstmogelegerheiter, ein mindre del av kommunane vil ha distriktskarakter og andre behov, mogelegheiter og utfordringar. Dei fleste av desse kommunane ligg øvre del av Buskerud. Såleis representera Øvre Buskerud både utfordringa, gjennom at desse kommunane har ein del andre behov enn resten av Viken, men også ein klar styrke gjennom tilgang til ein betydeleg kunnskapskapital knytt til det å vera distriktskommune.

Viken skal jobbe etter følgjande målsettingar:

Bærekraft: *Viken fylkeskommune skal jobbe for en livskraftig region. Vi skal fremme en balansert og bærekraftig utvikling i by og bygd. FNs bærekraftsmål ligger til grunn for våre valg.*

Utvikling: *Viken fylkeskommune skal motvirke sosiale forskjeller. Vi skal ta vare på og styrke menneskene, mangfoldet, naturen, arbeidslivet og demokratiet. Vi skal utvikle og bruke ressursene på best mulig måte og være attraktive for innbyggere og næringsliv. Vi skal styrke og utnytte våre regionale muligheter og unike fortrinn.»*

¹ Stortingsmelding nr. 6 (2018-2019), Opgaver til nye regioner

Kompetanse: *Viken fylkeskommune skal være en attraktiv arbeidsgiver med en sterk digitaliserings- og innovasjonskultur. Vi skal gi kvalitetsutdanning som samsvarer med behovene i samfunnet. For å fremme verdiskaping og sysselsetting skal vi bidra til at regionens unike kompetansemiljøer samordnes og styrkes.»*

For å kunne oppnå Viken sine målsettingar trengs det etablering av kunnskapsnav som er relevant for alle deler av fylket. Førebels er det gjort vedtak om at hovudkontoret til Viken skal ligge ved togstasjon i Akershus vest, nærmest mogeleg Oslo. I tillegg skal det ligge eit kontor i Nedre Glomma. Også dette i nærleik til togstasjon. Begge lokalitetar er langt unna distrikta i Viken og den kompetansen som finnes der knytt til m.a. distrikts- og destinasjonsutvikling. Ut frå dette bør grunnlaget for eit avdelingskontor i Øvre Buskerud absolutt vera tilstades. Øvre Buskerud ligg og i området for distriktsretta investeringsstøtte.

Det å tenke kor i regionen ein finn den mest relevante og dedikerte kompetansen gir eit utgangspunkt for å vurdere om delar av funksjonane og oppgåveløysingane i Viken skal organiserast andre stadert enn der den administrative leiinga er bestemt lokalisert.

Eit avdelingskontor i Hallingdal kan ha ansvar for å ivareta kompetansebehova på vegne av Viken knytt til t.d:

- Distriktpolitikk og distriktpolitiske verkemidlar
- Destinasjonsutvikling og vertskapsrollen dette medfører
- Reiseliv og kultur
- Fjellandbruk
- Funksjonar som det er naturleg at er fleire stader i Viken

5. Hallingdal er rett stad å etablere eit avdelingskontor

Stortinget vedtok våren 2018 ei ny kommunelov. Å legge oppgåver til eit forvaltningsnivå nærmare innbyggjarane er i tråd med nærleiksprinsippet i den nye lova. Ut frå dette vil det vera naturleg å etablere eit avdelingskontor for utvikling i distrikta, i ein region som arbeidar med problemstillingar knytt til dette dagleg.

I forbindelse med etablering av Viken fylkeskommune stiller Hallingdal sin kompetanse, evne og vilje, til disposisjon som vertskap for eit avdelingskontor (kompetancesenter) for drift av utvalde tenester.

Førebels utkast

Etablering av eit avdelingskontor i Hallingdal synes optimalt med tanke på nærleik til kommunane i Viken som er distriktskommunar. Hallingdal er enkelt å nå med offentleg kommunikasjon som tog og buss og er såleis i tråd med etablering av dei andre kontora. Utbygging av Ringeriksbanen vil korte ned reisetida med tog ytterlegare.

Kartet syner kva sentralitet kommunane i Viken er vurdert å ha etter SSB sin sentralitetsindeks. Basert på reisetid til arbeidsplasser og servicefunksjoner frå alle busette grunnkretsar er kommunane sin sentralitet vurdert. Med unntak av tre kommunar i Østfold og Hurdal kommune i Akershus er kommunane som kan klassifiserast som mindre sentrale i og rundt Hallingdal. Ved å legge eit avdelingskontor i Hallingdal kjem ein med dette tett på marknaden som vil ha behov for denne kompetansen. Plassering vil vera optimalt for å serve både dei kommunane som etterspør kompetanse og for å tilegne seg og utvikle vidare kompetanse.

Hallingdal er ein distriktsregion som har synt at samarbeid, kreativitet og offensiv tenking er eit godt grunnlag for ei positiv utvikling.

Hallingdal har i praksis synt at arbeid i nettverk og interkommunalt samarbeid gjev resultat og utvikling.


Hallingdal er ein som blir vurdert som ein attraktiv arbeidsmarknadsregion og buplass.

Hallingdal er ein region med høg kompetanse og mangfald innan primærnæring, industri, reiseliv, kultur og folkehelse.

Hallingdal er ein region med distriktsutfordringar, men som også ser mogelegheiter

Hallingdal ligg sentralt i Sør-Norge med god kommunikasjon og Hallingdal har eit av distrikts-Norge best utbygde breibandnett.

Sagt på ein annan måte: Hallingdal er rett stad å etablere eit avdelingskontor.



Kilde: Regionale utviklingsstrek 2018, Kommunal- og moderniseringsdepartementet
NB! Jevnaker og Lunner som nå også vil inngå i Viken har henholdsvis sentralitet 4 og 3.

6. Avdelingskontor i Hallingdal, aktuelle oppgåver

6.1 Generelt

I samband med etablering av Viken fylkeskommune tek Hallingdal mål av seg å vera vertskap for utvalt kompetanse og tenester, som blir lagt til Viken fylkeskommune.

Det er grunn til å tro at noko av den beste kompetansen og grunnlaget for eit distrikts- og destinasjonsutviklingskontor i Viken er i Hallingdal. Dette er ein distriktsregion som har arbeid med desse problemstillingane over lang tid og har kunnskapen som trengs for å vera ein betydelig ressurs knytt til spørsmål om distrikts- og destinasjonsutvikling i Viken.


Kva oppgåver som bør leggast til eit avdelingskontor er avhengig av kva oppgåver Viken skal løyse på vegne av fellesskapet og kva slags kompetanse som trengs for å løyse desse oppgåvene. Regionrådet for Hallingdal har ikkje fullstendig oversikt over alle aktuelle funksjonane og faglege oppgåveløysingar som kan vera aktuelt å lokalisere ved eit avdelingskontor. I det etterfølgjande har me synleggjort kompetanseområder og miljø som kan vera relevante ved etablering av eit avdelingskontor i Viken.

6.2 Kompetanse knytt til målretta arbeid for utvikling av distrikt og distriktsretta verkemidlar

Eit avdelingskontor i Øvre Buskerud vil vera ein naturleg stad å samle fagkompetansen for distriktsretta verkemidlar og distriktsutvikling i Viken.

Hallingdal er ei distriktsregion med ein viss suksess takka vera målretta langsiktig arbeid. Ei hovudårsak til dette er at Hallingdal gjennom mange år har jobba målretta med å legge til rette for vekst og gi de best mogleg rammevilkår for innbyggjarane og bedrifter som velje å etablere seg i distrikta. Gjennom dette arbeidet har regionen opparbeida seg betydeleg kompetanse knytt til det å utvikle og teste ut strategiar for vekst og korleis ein gjer slik arbeid i samarbeid med andre.

Hallingdal ligg i nær tilknyting til ein betydeleg del av distriktskommunane Viken. Hallingdal ligg i området for distriktsretta investeringsstøtte og har inngåande kunnskap om desse midlane. Det same gjeld i forhold til differensiert arbeidsgjevaravgift.




6.3 Kompetanse knytt til målretta arbeid for utvikling av distriktsnæringer, generelt
 Eit avdelingskontor i Øvre Buskerud vil vera ein naturleg stad å samle fagkompetansen for næringsutvikling i distrikta med tilhøyrande fagkompetanse på distriktsnæringer som reiseliv, fjellandbruk og bygg og anlegg.

Ein føresetnad for levedyktige distrikt er arbeidsplasser og eit næringsliv som generera verdiar tilbake til samfunnet. Det å drive næringsutvikling i distrikta er svært annleis enn i byar. Kundegrunnlaget variera avhengig av sesong og dimensjonering av tilbod må evne å ivareta svingingane. Enkelte næringar er viktigare i distrikta enn det dei er i meir sentrale strøk, slik som landbruk, skogbruk, bygg og anlegg og reiseliv.

6.3.1 Kompetanse knytt til målretta arbeid for utvikling av distriktsreiselivet

I Hallingdal utgjer reiselivet ein synleg del av regionen si verdiskaping. Det er ingen andre av regionane i Viken som kan syne til tilsvarende del av verdiskapinga som kjem frå reiselivsnæringa. I distrikta er destinasjonsutvikling ein føresetnad for at reiselivet skal få dei beste mogelegheitene for vekst. Reiselivet på destinasjonar skil seg frå reiselivet i bymessige strøk på fleire områder.



Figur: Del av verdsskapninga i regionen som kjem frå reiselivsnæringa, fordelt på regionar i Viken. Kilde: Menon (2019)

I Øver Buskerud er det allereie større kompetansemiljø som kan spela ei viktig rolle i oppgåveløysingane i Viken.

Vintersport og reiseliv i verdsklasse: Lokalisert i Øvre Buskerud finnes leiande vintersportsdestinasjonar som Geilo, Hemsedal og Gol. Geilo er som eit av 13 reisemål i Norge sertifisert som bærekraftig reisemål.

Leading Camping Europa: Som einaste neste campingplass i Skandinavia er Hallingdal Feriepark medlem av Leading Camping Europa. Hallingdal Fjellpark er en 5-stjerners høgstandard opplevingscamping og aktivitetspark nær Ål sentrum. Kombinasjonen av campingplass i aller øvste klasse og svært breitt aktivitetstilbod er eineståande i Norge.

Opplevelsessentra med fokus på samspele med dyr og natur: Bjørneparken på Flå (Norges nest største dyrepark med 80.000 besøkande) og Langedrag Naturpark er opplevingsparkar med fokus på nærbонтakt mellom dyr og menneske. Her kjem ein tett på særnorske dyr som bjørn, elg, rein, fjording og telemarkskyr, så vel som sårbare artar som ulv, fjellrøv og gaupe. I tillegg er «Besøkssenter Rovdyr

Flå» eitt av tre nasjonale besøkssenter for rovdyr, og det senteret som allereie dekkjer Viken innanfor nøytral, faktabasert, konfliktdempande formidling av rovdyrkonflikten.

Hallingdal i Øvre Buskerud er en betydeleg hytteregion, både på landsbasis og i Viken. Det å være hytteregion krev spesiell kompetanse, som finns i Øver Buskerud. I tillegg har Østfold store hytteområder. Til forskjell fra hyttelivet i Østfold lever deler av næringslivet i Hallingdal av hytteturismen og den aktiviteten som denne genearer. Ein annan forskjell er at hytteturismen i Østfold er sterkt konsentrert rundt sumarmånedane, medan dei hyttene i Hallingdal blir nytta heile året. I følge Statistikknett finnes det over 81 000² hytter i Viken regionen, der 49 000 er lokalisert i Buskerud og 18 000 (39 prosent) av desse er i Hallingdal.

Norge veks som turistland og treng mange fleire tilsette, dersom me skal klare å ta imot, og skapa gode opplevingar for turisten. Undersøkingar syner og at det er eit stort kompetansegap i reiselivsnæringa, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Ut frå dette er Buskerud fylkeskommune i samarbeid med fagskula Tinus Olsen, Regionrådet for Hallingdal og næringa i ferd med å etablere [Norsk Reiselivsfagskole](#) på Geilo. I tillegg er det i ferd med å bli etablert eit høgskuletilbod i Hallingdal, Guide og entreprenørskap i naturbasert reiseliv. Dette er eit samarbeid mellom Universitetet i Stavanger og Hallingdal. Desse satsingane vil utan tvil vera med å auke kompetansen og statusen i næringa, samstundes som det blir bygd opp sterke fagmiljø og gode tilbod, der det vil vera eit klart mål og rekruttere studentar frå heile Viken.

6.3.2 Kompetanse knytt til målretta arbeid for utvikling av fjellandbruket

Fjellandbruket vil heilt klart ha sin plass i norsk landbruk framover. Tradisjonell drift eller sokalla volumproduksjon er ryggrada, men det er større rom for nisjar og nye næringar. Norge har 77 fjellkommunar som dekker 25 prosent av arealet i Norge. Til tross for kort vekstssesong og lange vintra er landbruket ei viktig næring, og heile 40 prosent av grasarealet i Sør-Norge blir dyrka i fjellbygdene. I tillegg kjem store beiteareal.

Hallingdal vil ha ca. 34% av sauennæringa i Viken og ca. 20% av mjølkeproduksjonen.

For distriktslandbruket i Øvre Buskerud er eit samarbeid på tvers av sektorar og ulike aktørar viktig for å auke verdiskapinga, ikkje minst i forhold til reiselivsnæringa. Den nasjonale satsinga for å bygge matnasjonen Norge passar godt inn i dei satsingar som skjer i Øvre Buskerud i forhold til produksjon av lokalmat og matnettverk, som [Matopplevelser i Numedal](#), [Eventyrsmak](#) og [Hallingkost](#).

Forutan høg kompetanse i næringa og ved dei ulike landbrukskontor er det fagmiljø i Hallingdal som m.a er retta mot landbruksnæringa, som t.d. [Hallingdal Økonomiservice](#) og [Norsk Landbruksrådgiving Østafjells](#)

I forhold til fagkompetanse retta mot fjellandbruket vil det utan tvil vera ein stor fordel at Viken har ressursar der potensialet og verdiskapinga er. [Dette vil og gjelde forvaltning av ulike investering og utviklingsmidlar \(t.d. IBU og UT-midlar\) innan landbruket.](#)


² 20 000 hytter i Østfold, 14 500 i Akershus og 49 000 i Buskerud

6.4 Innovasjon og entreprenørskap


Innanfor eit meir globalisert kunnskapssamfunn, med aukande grad av turbulens og kompleksitet, vil innovasjon og entreprenørskap bli stadig viktigare for bærekraftig verdiskaping og velferd. Dette er problemstillingar som er like viktige i distrikta som i meir sentrale strøk.

Hallingdal utmerkar seg ved at ein relativt stor del arbeidsplassar er i privat næringsliv. I 2015 hadde Hallingdal 68% sysselsette i privat næringsliv. Av landets 89 økonomiske regionar låg her Hallingdal på niande-plass.

Hallingdal er og ein region der det er høg sysselsetting i forhold til total befolkning (sjå figur).



Og Hallingdal har vekst i verdiskapinga.



Verdiskaping i milliardar kroner i privat sektor (utan finans, olje og sjukehus). Kjelde: Menon (2018)

Hallingdal har over tid hatt fokus på innovasjon og entreprenørskap, både via kommunal satsing og i samarbeid mellom ulike verkemiddelaktørar i Hallingdal, Buskerud fylkeskommune og Innovasjon Norge.

Som eks.:

[Innovasjonsløft Hallingdal](#), som er eit kompetanseprogram for innovasjon i praksis. Her har til no over 50 bedrifter delteke.

[Ungt entreprenørskap Buskerud](#), der det er eigen koordinator tilsett i Hallingdal.

Kompetansemiljø i forhold til innovasjon og entreprenørskap er m.a. [Hallingdal Næringshage](#), [Hallingdal Etablerersenter](#), [HallingExpo](#) og [Torpomoen Utvikling](#). Her pågår det eit arbeid for at desse 4 skal bli Hallingdal Innovasjon.

Det som er næmt over er eit uttrykk for at Hallingdal har ei bevisst haldning til innovasjon og entreprenørskap, det gjev resultat og det må vera viktige framtidige satsingar i Viken. Dette er type tenester som har ein stor verdi av å vera nær brukaren og vil vera ein naturleg del i eit avdelingskontor.

6.5 Nasjonalparkar, nasjonalparklandsbyar

6.6 Kultur (Kultur og identitet / kulturarv)

Ein start

Kultur- og opplevingsnæring utgjer ein aukande del av næringslivet i landet og folk brukar stadig meir pengar på kjøp av kultur. Dette er og ein viktig del av reiselivsproduktet i Hallingdal. I regionen bur det mange aktørar som formidlar folkemusikk i nasjonal toppklasse.

Folkedans og folkemusikk er definert av UNESCO som vår felles immaterielle kulturarv.

Altså levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap som vert overført mellom folk.

Folkedansen har djupe røter og lange tradisjonar i Hallingdal.

Ål kommune bygger og driftar [SPRANG- Landsdelsscene for dans](#); eit kompetansesenter som skal ta vare på og formidle Hallingdansen spesielt, og dans generelt. Som regionalt fyrtårn for folkedans vil Sprang kunne levere produksjonar til bruk i heile regionen. SPRANG tek mål av seg til å skulle formidle førestillingar knytt til folkemusikk.

Andelen kulturarbeidere i Ål er 19 ansatte per tusen innbyggere. Dette er nesten det dobbelte av landsgjennomsnittet (9,8). Generelt finner man flest ansatte innen kulturyrker i de større byene og regionsentrene.

Festivalar som profilerar folkemusikk og som i dag er støtta av Kulturrådet eller/ og Buskerud fylkeskommune:

- Fauskivalen i Hemsedal- møteplassen for rocka folkemusikk og folkeleg rock. Ni år gammal festival.
- Folkemusikkveka (i Ål) er den eldste folkemusikkfestivalen i landet vårt.

I forhold til kultur/kulturarv bør det vera stort potensiale å tenke samarbeid tvers av gamle fylkesgrenser. Eks. er det kanskje ei kobling landsdelsscene for dans og ballettsatsing i Akershus.

6.7 Folkehelse

6.7.1 Hallingdal sjukestugu

Sjølv om helsetenester ikkje er ein del av dei fylkeskommunale oppgåvene nyttar me i denne samanheng «modell» Hallingdal som eksempel på måtar å organisere tenester på, som også har overføringsverdi til fylkeskommunale oppgåver (**«sentraliser det du må, desentraliser det du kan»**). Hallingdal har ein unik posisjon på nasjonalt nivå når det gjeld helsetenester i distriktet.

Vestre Viken HF har i [Hallingdal sjukestugu](#), nærsjukehuset i Hallingdal, bygd opp ein unik institusjon basert på desentraliserte spesialisthelsetenester. Her finn ein både psykiatrisk og somatisk poliklinikk med fullverdige tilbod, dialyseavdeling og avansert dagbehandling innan kreft. Luftambulansebasen for indre Sør-Noreg har sin base her. I tillegg har kommunane i Hallingdal og Ringerike sjukehus gått saman om ei intermediær avdeling med 10 spesialisthelsetenesenger og 10 interkommunale senger i ei og same avdeling, drifta av sjukehuset. Denne nærsjukehusmodellen er ein modell som kan vera svært aktuell i ei framtidig omforming av dei små lokalsjukehusa rundt om i landet.

Ved Hallingdal sjukestugu har ein også ei røntgenavdeling som er digitalt bunde saman med røntgenavdelinga på Ringerike sjukehus. Det vil seie at røntgenbilete teke på sjukestugu kjem rett inn i granskingskøen til røntgenlegane på sjukehuset. Ved Hallingdal sjukestugu har ein også ein CT-maskin. I februar 2019 skal ein i gang med eit prosjekt som er unikt i verdssammanhang. Ved mistanke om hjerneslag vil ambulansepersonekk døgnet rundt sørge for at pasienten vert lagt til rette for CT-undersøking og gjort klar for medikamentell trombolysebehandling, men der sjølve undersøkinga vert fjernstyrt frå Ringerike og spesialist på Ringerike tek avgjerd om trombolysebehandling. Slik kan ein kompensere for avstanden og sikre at pasientar i Hallingdal får like rask behandling som i sentrale område av landet.

6.7.2 Hallinghelse

På same måte som Hallingdal sjukestugu er eit fyrtårn i nasjonal samanheng, er kommunane i Hallingdal i ferd med å bygge opp eit nytt fyrtårn, [Hallinghelse](#) – eit kompetanse og innovasjonssenter for helse- og omsorgstenester i distriktet. Her går kommunane saman om å kunne tilby befolkninga tenester som den enkelte kommune er for små til, eksempel er klinisk ernæringsfysiologi, logopedi, velferdsteknologisk kompetanse. Vidare byggjer ein opp eit miljø for fagutvikling og innovasjon, der ein samlar ressursar og såleis skapar tilbod for personell med spisskompetanse. Slik skapar ein også helsetilbod som sikrar innbyggjarane i Hallingdal likeverdige tenester med sentrale område. Eksempel på fagfelt der ein ser fruktene av slikt samarbeid er miljøretta helsevern, samfunnsmedisin, rehabilitering, læring og meistring, helsestasjons- og skulehelseteneste.

6.7.3 Folkehelse, livskvalitet

Folkehelse er eit regionalt satsingsområde i Hallingdal, der Hallinghelse er ein interkommunal instans som skal initiere og koordinere samarbeidstiltak i alle kommunane i Hallingdal innan helse og helsefremmende arbeid.

I folkehelsearbeidet har også Hallingdal teke ein nasjonal rolle som pilot i forhold til måling av livskvalitet. Det har vore ein grundig ein prosess med Helsedirektoratet og

Folkehelseinstituttet ut frå det arbeidet dei var i gang med i forhold til temaet Livskvalitet. Ut frå dette er no Hallingdal piloten i Norge i forhold til måling av Livskvalitet. Syner og til regjeringa sitt [nyheitsbrev som stadsutvikling](#).

Målesystemet bygger på vitskapelege og politiske strømmingar nasjonalt og internasjonalt, men utvider også erfaringar frå andre land. Implementering av målesystemet utgjer derfor ein innovasjon både i norsk og internasjonal samanheng og vil bidra til utvikling av heilt ny («den neste») praksis. Kommunane i Hallingdal vil bli dei fyrste kommunane som innfører livskvalitetsindikatorar som sentralt kunnskapsgrunnlag og styringsverktøy i Norge.

Livskvalitet i forhold til folkehelse er nærliggjande, men blir i denne samanheng også veklagt som ein **vekstskapar og omdømmebyggjar**, med andre ord regional utvikling. Satsinga er og forankra i [Strategisk plan for Hallingdal](#), pkt. 5.1., side 8 og [Handlingsprogrammet](#), tiltak 1.



Prosjektet søker å operasjonalisere livskvalitet som kommunal verdiskaping og fremme nye metodar for organisering og samarbeid i kommunar og fylkeskommunar. Tiltaket skal fremme god livskvalitet og helse for kommunane sine innbyggjarar og bidra til ei positiv nærmiljøutvikling, vekstskapning og omdømmebygging i kommune/region.

I forhold til folkehelsearbeidet ser Hallingdal på seg sjølv som ein konstruktiv og innovativ samarbeidspart i Viken. Med bakgrunn i kunnskap, erfaringar og utvikling så bør Hallingdal få ein aktiv rolle i folkehelsearbeidet i Viken.

6.8 Planlegging

- Grøne skifte
- Bærekraftsprofil
- Forskjellar bygd og by
- Hytter


6.9 Samferdsel

Regionrådet for Hallingdal kjenner ikkje godt nok til korleis organisering av samferdsel vil bli løyst. Hallingdal som hovudkorridor for trafikk aust – vest, også for tungtrafikk og problematikk høgfjellsovergangar, bør vera eit godt grunnlag for fast bemanning og «servicekontor» i Hallingdal.

7. Fjellnettverket

[Fjellnettverket](#) er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Norge. Nettverket arbeider for å sette viktig spørsmål for fjellbygdene på dagsorden for å skapa livskraftige bygder. Av fylkeskommunar er Trøndelag, Hedmark, Oppland, Buskerud og Telemark medlemmer i Fjellnettverket.

Buskerud fylkeskommune er vertsfylke for Fjellnettverket med kontorlokalisering på Geilo. Fjellnettverket vil kunne vera ein viktig medspelar og samarbeidspart i arbeidet med distrikts/fjellpolitikken.



8. Kva kan Hallingdal tilby


8.1 Hallingdal som felles bu- og arbeidsmarknadsregion

Hallingdal er ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med stor grad av samhandling og intern pendling. Regionen er vurdert som ein attraktiv arbeidsmarknadsregion og buplass. Hallingdal er ein distriktsregion som har synt at samarbeid, kreativitet og offensiv tenking er eit godt grunnlag for ei positiv utvikling. Og Hallingdal har i praksis synt at arbeid i nettverk og interkommunalt samarbeid gjev resultat og utvikling.

8.2 Kommunikasjon

Hallingdal ligg sentralt plassert i Sør-Norge, som møteplassen mellom aust og vest. Hovudveg aust – vest og Bergensbanen er viktige kommunikasjonsårer. I tillegg er Fv51 og Fv40 viktige kommunikasjonsårer (tegne inn på kart).

Med Ringeriksbanen på plass og ny E16 Sandvika – Hønefoss vil delar av Hallingdal i pendlaravstand til Sandvika.



Hallingdal ligger i nær tilknyting til ein stor del av distriktskommunane i Viken. I kartet under har vi synliggjort reiseavstandar med bil og tog, når Ringeriksbanen er på plass. Avdelingskontoret vil ligge i gangavstand til togstasjon.

Førebels utkast



8.3 KompetanseMiljø

Det er ei rekke ulike kompetanse/fagmiljø i Hallingdal som vil kunne vera ei styrke for eit avdelingskontor i Hallingdal. I det etterfølgjande er det peikt på ein del fagmiljø og tiltak som kan ha relevans, her er ikkje reine kommunale fagmiljø teke med. Oversikta er på ingen måte komplett.

Næringsutvikling

- [Hallingdal Næringshage](#)
- [Hallingdal Etablerersenter](#)
- [HallingExpo](#)
- [Torpomoen Utvikling](#)

For desse fire aktørane er det i gang ein prosess som har som mål eit selskap, Hallingdal Innovasjon

Reiseliv

Dei ulike destinasjonsselskapa i Hallingdal som har god kompetanse, ikkje minst i forhold til reiseliv.

- Destinasjonsselskap
 - o [Visit Geilo](#)
 - o [Ål Utvikling](#)
 - o [Gol Reisemål](#)
 - o [Hemsedal](#)
 - o [Nesbyen Turist- og Næringservice](#)
 - o [Flå Vekst](#)
- [Norskreiselivsfagskole](#)
- [Høve Støtt Hallingdal AS](#)
- [Tråkk 'n' Roll](#)

Primærnæring

Førebels utkast

- [Norsk Landbruksrådgiving Østafjells](#)
- [Hallingdal Økonomiservice](#)
- [Øvre Buskerud jordskifterett](#)
- [Viken Skog](#)

Kreative næringar

- [Filmprodusentane AS](#)
- [Høge sprang \(kreative fjellfolk\)](#)
- [Fjellspire](#)
- [Hallingdølen](#)
- [Kreator](#)
- [Adrenalin Media](#)

Utnark

- [Rovdrysenteret](#)
- [Statens naturoppsyn \(SNO Geilo\)](#)
- [Geilo nasjonalparklandsby](#)
- [Hardangervidda villreinutval](#)
- [Nordfjella villreinområde](#)

Energi

- [E-CO Energi, Hallingdal](#)
- [Ustekveikja Energi](#)
- [Hallingdal Trepellets](#)

Kultur

- [Ål kulturhus \(regionalt kulturhus\)](#)
- [SPRANG, landsdelsscene for dans](#)
- [SPRANG, landsdelsscene for dans \(youtube\)](#)
- [Hått Halling](#)
- [Hallingdal Teaterverkstad](#)
- [Hallingdal Museum](#)
- [Leveld kunstnartun](#)
- [Kunstlandskap Nesbyen](#)

Folkehelse

- [Hallinghelse](#)
- [Miljøretta helsevern Hallingdal](#)

Samfunnsplanlegging

- [HR Prosjekt](#)
- [Asplan Viak AS](#)
- [Arkitekthagen AS](#)
- [Årstiderne Arkitekter](#)

8.4 Bustadforhold, kommunale tilbod

Kommunane i Hallingdal har satsa mykje på å leggje til rette slik at Hallingdal skal vera ein attraktiv region å busetja seg i. Kommunane har svært gode tenestetilbod med t.d. full barnehagedekning, og fortløpande opptak. Alle kommunane har ledige bustadtomter i fleire

ulike tilrettelagte felt, i tillegg har fleire av kommunane lagt til rette med bustadfelt ute i grendene.

Utfordringane for Hallingdal er ikkje først og fremst å skaffe arbeidskraft, men å skapa fleire arbeidsplassar, ikkje minst i forhold til folk med høgare utdanning. Utklipp frå Regional analyse for Buskerud 2017 underbyggjer noko av dette.


Folk som ressurs, strategisk plan

2.6.1 Bostedsattraktivitet i regionene

Hallingdal er den mest attraktive bostedsregionen i BTV de ti siste årene. Hallingdal har hatt svak arbeidsplassvekst, men har hatt overraskende høy innflytting til tross for det.

Ringerike/Hole, Midt-Buskerud og Kongsberg/Numedal har også hatt positiv bostedsattraktivitet. I Kongsberg/Numedal har arbeidsplassveksten også vært høy, slik at regionen har fått stor netto innflytting.

Drammensregionen har hatt negativ bostedsattraktivitet. Drammensregionen har gode strukturelle betingelser på grunn av sin beliggenhet og har likevel høy innflytting.



Kjelde: Regional analyse Buskerud 2017, Telemarksforskning

8.5 Hallingdal, møteplassen mellom aust og vest

Hallingdal er på mange måtar møteplassen mellom aust og vest. I eit historisk perspektiv skjedde mykje av trafikken og handelen mellom aust og vest, via Hallingdal. Dette har m.a. ført til sterke kulturelle band og næringsutvikling. Kommunikasjonsmessig er Hallingdal hovudtransportkorridoren mellom aust og vest, både i forhold til jernbane og veg.

Hallingdal har vorte ein møteplass mellom aust og vest, ikkje minst i forhold til ferie og fritid, men også i forhold til næringsutvikling. Dette er forhold som bør vektleggjast i vidare utviklingsstrategiar.



Tydeleggjer kva me meinar

8.6 Teknologi og kunnskapsoverføring, tenster på nett.

9. Forventa resultat, effektar

Hovudargumenta for etablering av eit avdelingskontor er i stort to-delt:

1. Kompetanse og tenester i forhold til distrikt og fjellkommunar, nærmest mogeleg innbyggjarane /næringa. I tillegg vil det vera naturleg å bygge opp visse typer kometanse som heile regionen har nytte av.
2. Eit avdelingskontor vil minske «avstanden» i kunnskap og forståing, i ein stor og mangfaldig region. Dette vil i neste omgang vera eit godt grunnlaget for å bygge identitet og stoltheit.

For Hallingdal er sjølvsgått nye arbeidsplassar eit viktig motiv, men den grunnleggjande forståinga vil vera at Hallingdal skal yte tenester og kompetanse inn i Viken.

Etablering av eit avdelingskontor for Viken i Hallingdal vil sjølvsgått ha problemstillingar som må løysast. Men det er ikkje grunn til å tru at eit avdelingskontor som skissert vil medføre redusert effektivitet i oppgåveløysing, snarare tvert i mot. Det bør heller ikkje vera store praktiske og organisatoriske utfordringar i vår virtuelle kvardag.

Hallingdal 1.4.2019

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

